
Saknr: 2020/35431-2
Saksbehandlar Berit Roksvåg
Dato: 21.01.2020

Til: Yrkesopplæringsnemnda

Frå: Fylkesdirektør opplæring og kompetanse

Orientering om arbeidet med læreplanar på vg2 og vg3 yrkesfag

Kunnskapsdepartementet har sett i gang eit arbeid med å fornye læreplanverket for grunnopplæringa. Fornyinga omfattar grunnskulefaga, dei gjennomgåande faga i vidaregåande og programfaga på dei yrkesfaglege- og studieførebuande utdanningsprogramma. I tillegg vil ny overordna del erstatte generell del, og gjelde frå skulestart i 2020.

Partane i arbeidslivet skal ha påverknad på heile den yrkesfaglege opplæringa. Fagleg råd skal ha avgjerande innverknad på det faglege innhaldet i læreplanar på Vg3. Dette inneberer at utdanningsdirektoratet legg til rette for å iverksette forslag til endringar i læreplanar på Vg3. Læreplanane skal være relevante for arbeidslivet og møte arbeidslivet sitt behov for kompetanse.

Samarbeidsrådet for yrkesopplæringa (SRY) har meldt inn til utdanningsdirektoratet at dei ikkje opplevde å ha avgjerande påverknad på vg3 læreplanane. I møtet 31.10.2019 (vedlegg 1) ber rådet om ei avklaring på vidare prosess i dette arbeidet. På bakgrunn av dette gjennomførte utdanningsdirektoratet eit møte med leiar og nestleiar av SRY og fleire representantar frå LO og NHO 19. desember og eit oppfølgingsmøte 10. januar 2020.

Fylkesdirektøren ønsker å informere om at arbeidet med læreplanane på Vg2 og Vg3 er starta oppatt og at høyinga utsett til august 2020. Utdanningsdirektoratet arbeider nå med ein alternativ overordna framdriftsplan og individuelle framdriftsplanar for dei einskilde utdanningsprogramma i samarbeid med dei faglege råda. Etter planen skal læreplanane for dei yrkesfaglege utdanningsprogramma vere fastsett i februar 2021.

Vedlegg: brev til Udir